



Arkivnr: 2014/24577-22

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak 60/15 i møte 13.10.2015

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport innan "Drift og vedlikehald av fylkesveggar", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Etablere ei arbeidsgruppe for oppfølging av strategien for drift og vedlikehald av fylkesvegane i Hordaland
2. Utarbeide ein samla tiltaks- og handlingsplan for arbeidet med strategien for å redusera forfallet på vegnettet
3. Utarbeide rutinar for gjennomføring av risikovurderingar
4. Rapportere årleg om status på strategien til politisk nivå
5. Utarbeide ein kontraktsstrategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i Hordaland
6. Etablere rutinar for å følgja opp og rapportera effektar av dei samla tiltaka i strategien
7. Utarbeide eit system for prioritering, bruk og rapportering av løyvingane som synleggjer i kva grad ein når målet om å styrke vedlikehaldet av fylkesvegane.
8. Laga ein handlingsplan innan 1.12.2015 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Handlingsplan i tråd med punkt 8 i vedtaket over vart handsama i kontrollutvalet 2.5.16 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar i Hordaland fylkeskommune.
2. På bakgrunn av at det gjenstår ein god del arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.6.2016.

Drøfting:

Skriftleg tilbakemelding om status på arbeidet i denne forvaltningsrevisjonen i høve punkt i vedtaket i møte 2.5.16 er no motteke frå fylkesrådmannen og ligg ved saka.

Sekretariatet ser positivt på at forbetningsarbeidet i samband med forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar i Hordaland fylkeskommune no er kome et stykke vidare i høve handlingsplanen som vart handsama i forrige møte i kontrollutvalet. Det er likevel slik at det framleis er ein del arbeid igjen før alle forbetringstiltaka er på plass. Tilbakemeldinga som er motteke, er etter sekretariatet si meining ikkje lett tilgjengeleg, då det ikkje er gjeve tilbakemelding relatert til kvart av dei 7 punkta i vedtaket frå fylkestinget. Slik vi tolkar tilbakemeldinga kan det tyde på at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig i samband med at sak om «Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegane» er planlagt lagt fram i fylkestinget i oktober.

Konklusjon

På bakgrunn av at det framleis gjenstår ein god del arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2016. Det vert også tilrådd at utvalet ber om at tilbakemeldinga vert gjeve relatert til kvart av dei 7 punkta i vedtaket frå fylkestinget.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på at forbetningsarbeidet i samband med forvaltningsrevisjon av drift og vedlikehald av fylkesveggar i Hordaland fylkeskommune no er kome et stykke vidare i høve handlingsplanen som vart handsama i forrige møte i kontrollutvalet.
2. På bakgrunn av at det framleis gjenstår ein god del arbeid før det er sett i verk naudsynte tiltak ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2016.
3. Kontrollutvalet ber også om at tilbakemeldinga vert gjeve relatert til kvart av dei 7 punkta i vedtaket frå fylkestinget.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Svar til kontrollutvalet - Forvaltningsrevisjon av Drift og vedlikehald av fylkesveggar – ny statusmelding